

Agder Sekretariat

Sekretariat for kontrollutvalg i Agder

Postboks 120
4491 Kvinesdal
Bankkonto:
3080 32 25660
Organisasjonsnr.:
988 798 185

Til kontrollutvalets medlemmar:

Gunnar Brottveit (leiar), Åse Ingebjørg Flateland (nestleiar), Torleif B. Harstad (medlem),
Ånund Viki (medlem), Marianne Rysstad (medlem)

INNKALLING TIL MØTE I KONTROLLUTVALET

Tid/stad: Onsdag 20. september 2023 kl. 13.00 kommunehuset,
kommunestyresalen

SAKSLISTE

- SAK 15/23 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL FRÅ MØTE 03.05.23
- SAK 16/23 ETTERLEVELSESKONTROLL MED ØKONOMIFORVALTNINGA
- SAK 17/23 OVERORDA REVISJONSSTRATEGI 2023 VALLE KOMMUNE
- SAK 18/23 BUDSJETT FOR KONTROLLARBEIDET 2024 – saka vert ettersendt.
- SAK 19/23 INNSPEL TIL ROV-ANALYSE FORVALTNINGSREVISJON
- SAK 20/23 TILBAKEMELDING EIGARSKAPSKONTROLL SMG IKS –saka vert ettersendt
- SAK 21/23 REVISOR ORIENTERAR

FAST POST

Vidare arbeid i kontrollutvalet:

EVENTUELT

REFERATSAK

- REF 06/23 RAPPORT FRÅ TILSYN MED BEREDSKAPSPLANLEGGING I VALLE KOMMUNE

Valle, 13. september 2023

Gunnar Brottveit
Leiar

Inger Lise Austrud
Utvalssekretær

Forfall og inhabilitet bes meldt til Inger Lise Austrud, tlf. 918 69 975 / ila@asekretariat.no
Kopi til: Ordførar, kommunedirektør, revisor, Gunn Margith Homme, Setesdølen
Varamedlemmer møter berre etter særskilt innkalling.

Eierkommuner:
Bygland, Bykle, Evje og Hornes,
Farsund, Flekkefjord, Hægebostad,
Iveland, Kvinesdal, Lindesnes,
Lyngdal, Sirdal, Valle, Åseral

Ansatte:
Daglig leder Willy Gill
Telefon: 90 95 62 46
E-post: willy.gill@asekretariat.no

Rådgiver Inger Lise Austrud
Telefon: 91 86 99 75
E-post: inger.lise.austrud@asekretariat.no

Agder Sekretariat

Kontrollutvalet i Valle kommune

Sak 15/23

Møtedato: 20.09.23

Sakshandsamar: ILA

SAK 15/23 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL FRÅ MØTE 03.05.23

Vedlegg:

Forslag til møteprotokoll frå møte 03.05.23

Bakgrunn for saka:

Forslag til protokoll frå møte 03.05.23 vert lagt fram for godkjenning.

Framlegg til vedtak:

1. Møteprotokoll frå kontrollutvalets møte 03.05.23 vert godkjent.
2. Leiar får fullmakt til å underteikne møteprotokollen

VALLE KOMMUNE – KONTROLLUTVALET

MØTEBOK

Møte nr. 02/23

Dato: 03.05.23 kl. 13.00 – ca. kl. 14.15.

Stad: Kommunehuset, kommunestyresalen.

<u>Til stades:</u> Gunnar Brottveit, leiar Åse Ingebjørg Flateland, nestleiar Torleif B. Harstad, medlem Ånund Viki, medlem Marianne Rysstad, medlem	<u>Andre til stades (heile eller deler av møtet):</u> Agder Kommunerevisjon IKS v/ Tor Ole Holbek, Tommy Pytten, Henriette Svendsen og Jarl Birkenes Gjessing Agder Sekretariat v/ Inger Lise Austrud Administrasjonen v/ Vidar Homme (kommunedirektør) og Petra Marie Trydal (økonomisjef) Ordførar Steinar Kyrvestad SMG IKS v/dagleg leiar Svend Petersen
--	---

Det var ikkje merknader til innkalling og saksliste.

ORIENTERING:

Kommunedirektør er invitert inn fra starten av møte for følgende orienteringar:

- Presentasjon av årsrekneskapen og årsmelding
- Presentasjon av tilbakemelding på forvaltningsrevisjon «Næringsutvikling»

SAKSLISTE

SAK 07/23	GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL FRÅ MØTE 15.02.23
SAK 08/23	ÅRSREKNESKAPEN 2022 VALLE KOMMUNE
SAK 09/23	ÅRSREKNESKAPEN FOR 2022, ØYNE INDUSTRIBYGG VALLE KF
SAK 10/23	BESTILLING RISIKO- OG VESENTLIGHETSANALYSE AV KOMMUNENS VERKSEMD OG VERKSEMDA I SELSKAPER – GRUNNLAG PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON 2023 - 2027
SAK 11/23	BESTILLING RISIKO- OG VESENTLIGHETSANALYSE – GRUNNLAG PLAN FOR EIGARSKAPSKONTROLL 2023-2027
SAK 12/23	KOMMUNEDIREKTØRENS OPPFØLGING AV FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT «NÆRINGSUTVIKLING»
SAK 13/23	EIGARSKAPSKONTROLL SETESDAL MILJØ OG GJENVINNING IKS
SAK 14/23	REVISOR ORIENTERAR

FAST POST

Vidare arbeid i kontrollutvalet:

EVENTUELT

REFERATSAKER

REF 04/23	FORVALTNINGSREVISJON «BARN I LAVINNTEKTSFAMILIER I IVELAND KOMMUNE» (vedlegg i epost)
REF 05/23	VEDTAK OM KONTROLLUTVALETS ÅRSMELDING

Underskrift

Gunnar Brottveit
Leiar

Kopi av møteboka sendes: Ordførar, kommunedirektør, revisor, postmottak og Setesdølen

SAK 07/23 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL FRÅ MØTE 15.02.23

Vedtak:

1. Møteprotokoll frå kontrollutvalets møte 15.02.23 vert godkjent.
2. Leiar får fullmakt til å underteikne møteprotokollen

Saksutgreiing:

Sakshandsamar: Inger Lise Austrud

Vedlegg:

Forslag til møteprotokoll frå møte 15.02.23

Bakgrunn for saka:

Forslag til protokoll frå møte 15.02.23 vert lagt fram for godkjenning.

Framlegg til vedtak:

1. Møteprotokoll frå kontrollutvalets møte 15.02.23 vert godkjent.
2. Leiar får fullmakt til å underteikne møteprotokollen

SAK 08/23 ÅRSREKNESKAPEN 2022 VALLE KOMMUNE

Vedtak:

Uttale frå kontrollutvalet til kommunestyret:

Kontrollutvalet har handsama Valle kommunes årsrekneskap og årsberetning for 2022. Årsrekneskapen viser eit netto driftsresultat på kr 11 442 057 og eit netto driftsresultat i den konsoliderte årsrekneskapen på kr 11 546 992. Agder Kommunerevisjon IKS har avgitt normalberetning utan spesielle merknader.

Basert på revisjonsberetninga har kontrollutvalet ingen spesielle merknader til kommunens årsberetning. Kontrollutvalet er ikkje kjent med andre forhold, framkomme i dialog med revisor, som kunne hatt betydning for utvalets uttale.

Kontrollutvalet anbefaler at kommunestyret godkjenner årsrekneskapen og årsberetninga for 2022.

Saksutgreiing:

Sakshandsamar: Inger Lise Austrud

Lover, forskrifter:

Lov om kommunar og fylkeskommunar m.m.
Budsjett- og rekneskapsforskrifta av 2019

Saksdokument vedlagt saka:

Revisjonsberetning, datert 17. april 2023
Årsrekneskapen og årsberetning 2022 (vedlegg i epost)

Saksopplysningar:

Kommunens årsrekneskap viser eit netto driftsresultat på kr 11 442 057 og eit netto driftsresultat i den konsoliderte årsrekneskapen på kr 11 546 992.

Revisor har gitt normal revisjonsberetning utan forbehold eller presiseringar.

I revisjonsberetninga uttaler revisor seg om:

Revisjonen av årsrekneskapen:

Revisors konklusjon :

Etter vår meining er

- *oppfyller kommunekassa sin årsrekneskap gjeldande lovkrav og gir i det alt vesentlege ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til kommunekassa per 31. desember 2022, og av resultatet for rekneskapsåret avslutta per denne datoen i samsvar med kommunelova og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg.*
- *oppfyller den konsoliderte årsrekneskapen gjeldande lovkrav og gir i det alt vesentlege ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til Valle kommune som økonomisk eining per 31. desember 2022, og av resultatet for rekneskapsåret avslutta per denne datoen i samsvar med kommunelova og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg.*

Andre lovmessige krav:

- Konklusjon om registrering og dokumentasjon
- Konklusjon om årsmeldinga
- Utsegn om forklaring for vesentlege budsjettavvik

Revisjonen har gjennom sine handlingar ikkje avdekket forhold som er av ein slik art at dei har betydning for konklusjonane på andre lovmessige krav.

For nærare informasjon vises det til revisjonsberetninga.

Uttale frå kontrollutvalet:

Kontrollutvalet skal gi uttale til følgande:

- Kommunekassens årsrekneskap og årsberetning
- Konsolidert årsrekneskap
- Kommunale føretak (årsrekneskap og årsberetning)
- Lånefondet (årsberetning kan inngå i kommunekassens årsberetning)

Som oftast vil det vere hensiktsmessig med ein samla uttale til kommunekassens årsrekneskap, konsolidert årsrekneskap og årsberetning. Kontrollutvalet gir ikkje uttale til politisk råd og kommunalt oppgåvefelleskap, med mindre revisor har gitt revisjonsberetning.

Når det gjelder Valle kommune skal kontrollutvalet gi uttale til kommunekassens årsrekneskap og årsberetning, konsolidert årsrekneskap og Øyne Industribygg KF.

Handsaming av årsrekneskapen

Handsaming av årsrekneskapen og årsberetning vil vere som følger.

- Kommunedirektør avlegg årsregnskapet innan 22.02.23
- Kommunedirektør utarbeider årsberetning innan 31.03.23
- Revisor avgir revisjonsberetning til kommunestyret innan 15.04.23
- Kontrollutvalet avgir uttale om årsrekneskapen til kommunestyret
- Formannskapet innstiller overfor kommunestyret om godkjenning og disponering (Kontrollutvalets uttale skal føreligge når formannskapet handsamar årsrekneskapen)
- Kommunestyret godkjenner årsrekneskapen innan 30.06.23

Vurderingar:

Sekretariatet vil anbefale kontrollutvalet å gi ein standard uttale til årsrekneskapen og årsberetninga for 2022.

Framlegg til innstilling:

Uttale frå kontrollutvalet til kommunestyret:

Kontrollutvalet har handsama Valle kommunes årsrekneskap og årsberetning for 2022. Årsrekneskapen viser eit netto driftsresultat på kr 11 442 057 og eit netto driftsresultat i den konsoliderte årsrekneskapen på kr 11 546 992. Agder Kommunerevisjon IKS har avgitt normalberetning utan spesielle merknader.

Basert på revisjonsberetninga har kontrollutvalet ingen spesielle merknader til kommunens årsberetning. Kontrollutvalet er ikkje kjent med andre forhold, framkomme i dialog med revisor, som kunne hatt betydning for utvalets uttale.

Kontrollutvalet anbefaler at kommunestyret godkjenner årsrekneskapen og årsberetninga for 2022.

SAK 09/23 ÅRSREKNESKAPEN FOR 2022, ØYNE INDUSTRIBYGG VALLE KF

Vedtak:

Uttale frå kontrollutvalet til kommunestyret:

Kontrollutvalet har handsama Øyne Industribygg KF sin årsrekneskap og årsberetning for 2022. Agder Kommunerevisjon IKS har avgitt normalberetning utan spesielle merknader.

Basert på revisjonsberetninga har kontrollutvalet ingen spesielle merknader til kommunens årsberetning. Kontrollutvalet er ikkje kjent med andre forhold, framkomme i dialog med revisor, som kunne hatt betydning for utvalets uttale.

Kontrollutvalet anbefaler at kommunestyret godkjenner årsrekneskapen og årsberetninga.

Saksutgreiing:

Sakshandsamar: Inger Lise Austrud

Lover, forskrifter:

Lov om kommunar og fylkeskommunar m.m.
Budsjett- og rekneskapsforskrifta av 2019

Saksdokument vedlagt saka:

Revisjonsberetning, datert 17. april 2023
Årsrekneskapen og årsberetning 2022 (vedlegg i epost)

Saksopplysningar:

Kommunens årsrekneskap viser eit netto driftsresultat på kr 104 936.

Revisor har gitt normal revisjonsberetning utan forbehold eller presiseringar.

I revisjonsberetninga uttaler revisor seg om:

Revisjonen av årsrekneskapen:

Revisors konklusjon :

Etter vår meining:

- *oppfyller årsregnskapet gjeldende lovkrav, og*
- *gir årsregnskapet i det alt vesentlige en dekkende fremstilling av den finansielle stillingen til foretaket per 31. desember 2022, og av resultatet for regnskapsåret avsluttet per denne datoen i samsvar med kommunelovens regler og god kommunal regnskapsskikk i Norge.*

Andre lovmessige krav:

- Konklusjon om registrering og dokumentasjon
- Konklusjon om årsberetningen
- Uttale om redegjørelse for vesentlige budsjettavvik

Revisjonen har gjennom sine handlingar ikkje avdekket forhold som er av ein slik art at dei har betydning for konklusjonane på andre lovmessige krav.

For nærare informasjon vises det til revisjonsberetninga.

Uttale frå kontrollutvalet:

Kontrollutvalet skal gi uttale til følgande:

- Kommunekassens årsrekneskap og årsberetning
- Konsolidert årsrekneskap
- Kommunale føretak (årsrekneskap og årsberetning)
- Lånefondet (årsberetning kan inngå i kommunekassens årsberetning)

Som oftast vil det vere hensiktsmessig med ein samla uttale til kommunekassens årsrekneskap, konsolidert årsrekneskap og årsberetning. Kontrollutvalet gir ikkje uttale til politisk råd og kommunalt oppgåvefelleskap, med mindre revisor har gitt revisjonsberetning.

Handsaming av årsrekneskapen

Handsaming av årsrekneskapen og årsberetning vil vere som følger.

- Føretaket avlegger årsregnskapet innan 22.02.23
- Føretaket utarbeider årsberetning innan 31.03.23
- Revisor avgir revisjonsberetning til kommunestyret innan 15.04.23
- Kontrollutvalet avgir uttale om årsrekneskapen til kommunestyret
- Formannskapet innstiller overfor kommunestyret om godkjenning og disponering (Kontrollutvalets uttale skal føreligge når formannskapet handsamar årsrekneskapen)
- Kommunestyret godkjenner årsrekneskapen innan 30.06.23

Vurderingar:

Sekretariatet vil anbefale kontrollutvalet å gi ein standard uttale til årsrekneskapen og årsberetninga for 2022.

Framlegg til innstilling:

Uttale frå kontrollutvalet til kommunestyret:

Kontrollutvalet har handsama Øyne Industribygg KF sin årsrekneskap og årsberetning for 2022. Agder Kommunerevisjon IKS har avgitt normalberetning utan spesielle merknader.

Basert på revisjonsberetninga har kontrollutvalet ingen spesielle merknader til kommunens årsberetning. Kontrollutvalet er ikkje kjent med andre forhold, framkomme i dialog med revisor, som kunne hatt betydning for utvalets uttale.

Kontrollutvalet anbefaler at kommunestyret godkjenner årsrekneskapen og årsberetninga.

**SAK 10/23 BESTILLING RISIKO- OG VESENTLIGHETSANALYSE AV
KOMMUNENS VERKSEMD OG VERKSEMDA I SELSKAPER –
GRUNNLAG PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON 2023 – 2027**

Vedtak:

Kontrollutvalet ber Agder Kommunerevisjon IKS om å gjennomføre ein risiko- og vesentlighetsanalyse av kommunens verksemd og verksemda i kommunens selskap, for å kunne identifisere kva for nokre sektorar og områder kor det kan vere behov for å gjere forvaltningsrevisjon.

Analysen skal danne grunnlag for plan for forvaltningsrevisjon for valperioden 2023 – 2027.

Kontrollutvalet ønsker å vere ein aktiv medspelar undervegs i dette arbeidet i form av å kome med innspel til aktuelle området som kan bli vurdert for forvaltningsrevisjon.

Saksutgreiing:

Sakshandsamar: Inger Lise Austrud

Bakgrunn og formål:

I ny kommunelov (§23-3) fremgår det at kontrollutvalet, minst ei gong i valperioden og seinast innan utgangen av året etter at kommunestyret er konstituert, skal utarbeide ein plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Planen skal baserast på ein risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens verksemd og verksemda i kommunens selskap. Hensikten med risiko- og vesentlighetsanalysen er å finne ut kor det er størst behov for forvaltningsrevisjon.

Formålet med risiko- og vesentlighetsanalysen er å framskaffe relevant informasjon om kommunens verksemd og verksemda i kommunens selskap, slik at det er mogleg for kontrollutvalet å legge ein plan for forvaltningsrevisjon og å prioritera mellom ulike områder kor det kan vera aktuelt å gjere forvaltningsrevisjon. Målet er å avdekka indikasjonar på avvik eller svakheiter i forvaltninga sett i medhald av lov, forskrift, kommunestyrets vedtak og forutsetningar.

Det er viktig i arbeidet med analysen at ein sikrar brei involvering når ein innhentar informasjon. Kontrollutvalet bør spele ein aktiv rolle undervegs i arbeidet med analysen.

Ein finn det naturleg at risiko og vesentlighetsanalysen gjennomførast av kommunens revisor, sjølv om den etter forskrifta og kan utførast av andre. Sekretariatet utarbeider forslag til plan for forvaltningsrevisjon basert på analysen og eventuelle innspel frå utvalets medlemmar.

Kontrollutvalet kan allereie nå kome med innspel til områder som ein ønsker vurdert i analysen.

Vurdering:

Slik sekretariatet oppfattar det, har kontrollutvalet fått og får gjennomført dei mest sentrale prosjekta som er prioritert i plan for forvaltningsrevisjon. Utvalet handsamar eigarskapskontroll Setesdal Miljø og Gjenvinning IKS våren 2023 og ventar rapport frå forvaltningsrevisjon «Internkontroll – avvik og avvikshåndtering i Valle kommune» hausten 2023.

Dersom ein vel å bestille analyser nå, vil det nye kontrollutvalet raskare kunne utarbeide planar som vil danne grunnlag for bestilling av forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll i neste valperiode.

Sekretariatet erfarer at det for kontrollutvala opplevast lenge å vente til ein kan foreta bestilling av prosjekt når planane ikkje vert vedtekne før på hausten året etter valåret. Dersom analysen vert bestilt og igangsett tidlegare kan det nye kontrollutvalet handsame framlegg til planar tidlegare enn før, og ein kan då kome i gong med prosjekt ca. eit halvt år tidlegare enn elles.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet ber Agder Kommunerevisjon IKS om å gjennomføre ein risiko- og vesentlighetsanalyse av kommunens verksemd og verksemda i kommunens selskap, for å kunne identifisere kva for nokre sektorar og områder kor det kan vere behov for å gjere forvaltningsrevisjon.

Analysen skal danne grunnlag for plan for forvaltningsrevisjon for valperioden 2023 – 2027.

Kontrollutvalet ønsker å vere ein aktiv medspelar undervegs i dette arbeidet i form av å kome med innspel til aktuelle området som kan bli vurdert for forvaltningsrevisjon.

**SAK 11/23 BESTILLING RISIKO- OG VESENTLIGHETSANALYSE –
GRUNNLAG PLAN FOR EIGARSKAPSKONTROLL 2023-2027**

Vedtak:

Kontrollutvalet ber Agder Kommunerevisjon IKS om å gjennomføre ein risiko- og vesentlighetsanalyse av kommunens eigarskap. Analysen skal danne grunnlag for plan for eigarskapskontroll for valperioden 2023 – 2027.

Kontrollutvalet ønsker å vere ein aktiv medspelar undervegs i dette arbeidet.

Saksutgreiing:

Sakshandsamar: Inger Lise Austrud

Bakgrunn:

I ny kommunelov (§23-3) fremgår det at kontrollutvalet minst ei gong i valperioden og seinast innan utgangen av året etter at kommunestyret er konstituert, skal utarbeide ein plan for gjennomføring av eigarskapskontroll. Planen skal baserast på ein risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens eigarskap. Hensikten med risiko- og vesentlighetsanalysen er å finne ut kor det er størst behov for eigarskapskontroll.

Det er nytt i ny kommunelov at det skal lagast ein eigen plan for eigarskapskontroll lausrivet frå behovet for forvaltningsrevisjon i selskap.

Ein finn det naturleg at risiko og vesentlighetsanalysen gjennomførast av kommunens revisor, sjølv om den etter forskrifta og kan utførast av andre. Sekretariatet utarbeider forslag til plan for eigarskapskontroll basert på analysen og eventuelle innspel frå utvalets medlemmar.

Vurderingar:

Dersom ein vel å bestille analyser nå for gjennomføring, vil det nye kontrollutvalet raskare kunne utarbeide planar som vil danne grunnlag for bestilling av forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll i neste valperiode.

Sekretariatet erfarer at det for kontrollutvala opplevast lenge å vente til ein kan foreta bestilling av prosjekt når planane ikkje vert vedtekne før på hausten året etter valåret. Dersom analysen vert bestilt og igangsett tidlegare kan det nye kontrollutvalet handsame framlegg til planar tidlegare enn før, og ein kan då kome i gong med prosjekt tidlegare.

Generelt har det vore slik at kontrollutvala i større grad har prioritert gjennomføring av forvaltningsrevisjon framfor eigarskapskontroll. I analysen/plan for eigarskapskontroll bør kanskje moglegheita for å gjennomføre ein overordna eller felles eigarskapskontroll blir vurdert nærare.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet ber Agder Kommunerevisjon IKS om å gjennomføre ein risiko- og vesentlighetsanalyse av kommunens eigarskap. Analysen skal danne grunnlag for plan for eigarskapskontroll for valperioden 2023 – 2027.

Kontrollutvalet ønsker å vere ein aktiv medspelar undervegs i dette arbeidet.

**SAK 12/23 KOMMUNEDIREKTØRENS OPPFØLGING AV
FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT «NÆRINGSUTVIKLING»**

Vedtak:

Kontrollutvalet tar kommunedirektørens tilbakemelding til orientering.

Saksutgreiing:

Sakshandsamar: Inger Lise Austrud

Vedlegg:

Tilbakemelding frå kommunedirektøren datert 24.04.23
Rutine for sakshandsaming av næringsssøknader

Bakgrunn for saka:

Kontrollutvalet handsama kommunedirektørens tilbakemelding på forvaltningsrevisjon «Næringsutvikling» i sitt møte 09.11.22 og vedtok følgande:

*Kontrollutvalet tar kommunedirektørens tilbakemelding til foreløpig orientering.
Kontrollutvalet ber om skriftleg tilbakemelding når alle anbefalingane i rapporten er følgt opp og innan 01.05.23.*

Oppfølginga på eit par av tilrådingane i rapporten vart utsette til våren 2023. Skriftleg tilbakemelding følger vedlagt saka.

Kommunedirektør vil orientere utvalet i møte. Revisor vil og vere til stades i møte og kan kommentere saka.

Tilrådingane i rapporten: (Kommunedirektøren sine tilbakemeldingar kjem under kvart kulepunkt i kursiv:)

Kommunen bør utarbeide ein rutine for sakshandsaming av næringsssøknader som inkluderer kva for krav forvaltningslova, vedtektene og retningslinjene stiller til sakshandsaminga

Vedlagd fylgjer rutine for sakshandsaming av næringsssøknader. Rutina er integrert i kommunen sitt internkontroll- og kvalitetssikringssystem Compilo.

Kommunen bør revidere retningslinjene for næringsfondet sine reglar om klagesakshandsaming

Kommunestyret handsama framlegg til reviderte retningslinjer for det kommunale næringsfondet i møte den 30.03.2023. Retningslinjene er publiserte på kommunen si heimeside her: <https://www.valle.kommune.no/naering.528614.nn.html>

Vurdering:

Hensikten med denne oppfølginga er å sjå til at kommunedirektør har følgt opp anbefalingane i rapporten på ein tilfredsstillande måte. Sekretariatet har elles ingen merknader i saka.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tar kommunedirektørens tilbakemelding til orientering.

SAK 13/23 EIGARSKAPSKONTROLL SETESDAL MILJØ OG GJENVINNING IKS**Vedtak:**

Kommunestyret tar rapporten «Eigarskapskontroll Setesdal Miljø og Gjenvinning IKS» frå Agder Kommunerevisjon IKS til orientering.

Kommunestyret ber kommunen/ eigarrepresentant/ selskapet følge opp tilrådingane i rapporten.

Kommunestyret ber kommunen/ eigarrepresentant/ selskapet rapportere skriftleg til kontrollutvalet om korleis revisors tilrådingar er følgt opp innan 10. september 2023.

Saksutgreiing:**Sakshandsamar: Inger Lise Austrud****Vedlegg:**

Rapport frå Agder Kommunerevisjon IKS, datert april 2023.

Saksopplysningar:Generelt:

Eigarskapskontroll er ein del av kontrollutvalets kontrollverksemd, jf. kommunelova § 23-4. Eigarskapskontroll er ei av dei lovpålagte oppgåvene til kontrollutvalet og utvalet skal sjå til at det vert gjennomført kontroll med den som utøver kommunens eigarinteresse og utøver mynde og på den måte som er fastsett i den aktuelle verksemda. I kontrollen inngår også ei vurdering av den som utøver eigarinteressene gjer dette i samsvar med kommunens vedtak og forutsetningar for forvaltninga av kommunens eigarinteresser.

Det å bidra til forbetring er eit viktig aspekt for kontrollutvalet ved gjennomføring av eigarskapskontroll.

Setesdal Miljø og Gjenvinning IKS er prioritert i plan for eigarskapskontroll for gjeldande periode. Kontrollutvalet bestilte denne eigarskapskontrollen i september 2021. Prosjektplan vart godkjent i møte i november 2021.

Agder Kommunerevisjon leverte endeleg rapport frå prosjektet i slutten av april 2023.

Setesdal Miljø og Gjenvinning IKS er eit interkommunalt selskap eigd av kommunane Bykle, Valle, Bygland, Evje og Hornnes og Iveland. Føremålet med selskapet er å take vare på alt avfall i regionen på ein miljømessig, teknisk og økonomisk forsvarleg måte, ved at kommunane overfører dette ansvaret til selskapet.

Bakgrunn og problemstilling:

Følgande problemstilling ligg til grunn for prosjektet:

«Utøves kommunens eierinteresser i samsvar med kommunestyrets vedtak og forutsetninger, aktuelle lovbestemmelser og etablerte normer for god eierstyring?»

Problemstillinga er besvart ved å innhente informasjon knytt til mellom anna: (utdrag frå rapporten)

- *Stiftelsesdokumenter*
- *Hvilke føringer og rutiner har kommunen for eieroppfølging av selskapet?*
- *I hvilken grad følges de vedtatte prinsippene for eierstyring overfor selskapet?*

- Er det utarbeidet egen eierstrategi for Setesdal Miljø og Gjenvinning IKS?
- Hvem er valgt som eierrepresentant fra kommunen til representantskapet til selskapet?
- Har eier rutiner for dialog med selskapet utover det som skjer i representantskapet?
- Hvilken informasjon og rapportering får kommunen som eier fra selskapet?
- Gjennomføres det eiermøter mellom kommunen som eier og selskapet?
- Har kommunen etablert rutiner for evaluering av sine eierinteresser?
- Har eier opprettet en valgkomite?
- På hvilket grunnlag velges styremedlemmer?
- I hvilken grad evalueres styret og er det tegnet styreforsikring?

Rapporten har på vanleg måte vore på høyring hjå kommunedirektør, styret og selskap. Høyringssvara er på s. 26 i rapporten.

Revisjonen vil presentere rapporten i møte. Dagleg leiar og styreleiar i selskapet er og invitert til møte.

Hovedfunn og konklusjon:

Revisor konkluderer med: (utdrag frå rapporten)

Undersøkelsen viser at det gjøres mye bra eieroppfølging i kommunen. Det er revisjonens konklusjon at med unntak av noen lovbestemmelser så utøves eieroppfølgingen i hovedsak i samsvar med aktuelle lovbestemmelser og kommunestyrets vedtak.

Det er lagt til rette for et klart skille mellom monopolvirksomhet og konkurransevirkosomhet noe revisjonen påpeker er viktig. Sentrale folkevalgte representerer eierkommunene i representantskapet og sakspapirer sendes ut med god nok frist før møtene i representantskapet for å nevne noe.

Revisjonen mener imidlertid at det er grunnlag for å gi anbefalinger basert på normer for god eierstyring og KS sine anbefalinger. Revisjonen vil av denne grunn komme med 11 anbefalinger i pkt 7 i rapporten.

Revisors tilrådingar:

Revisor kjem med følgende tilrådingar:

- Revisjonen anbefaler kommunen at det gis god folkevalgtopplæring om eierskap og eierstyring, jf pkt 5.3.
- Revisjonen anbefaler at i og med at det utarbeides eierskapsmeldinger i hver valgperiode jf koml § 26-1, så bør man foreta en årlig rapportering til kommunestyret om økonomi og viktige saker i selskapet, jf pkt 5.4.
- Revisjonen anbefaler at selskapsavtalen oppdateres med lovhenviing etter ny kommunelov ved neste revisjon jf pkt 5.5.
- Revisjonen anbefaler at kommunen vurderer å avholde eiermøter ut over representantskapsmøtene, for å sikre gjensidig informasjon mellom eierkommune og selskap, jf pkt 5.6
- Revisjonen anbefaler at man etablerer rutiner for vurdering og håndtering av habilitet i styret jf pkt 5.9.
- Revisjonen anbefaler at kommunen foretar en prinsipiell avklaring av godtgjøring for styreverv jf pkt 5.10.

- Innføre en ordning som sikrer at styreverv rutinemessig blir innmeldt i KS styrevervregister, jf pkt 5.11.
- Revisjonen anbefaler at rekruttering til styret ikke bør begrenses til kommunalt ansatte jf pkt 5.14
- Revisjonen anbefaler at det nedtegnes i eierstrategi at det skal gjennomføres årlige styreevalueringer, jf pkt 5.15.
- Revisjonen anbefaler at man ved revisjon av selskapsavtalen vurderer en ordning hvor man oppnevner numeriske vararepresentanter jf pkt 5.16.
- Revisjonen anbefaler at Valle kontrollutvalg og kommunens revisor blir varslet fra kommunen om representantskapsmøter i SMG, jf. pkt 5.18.

For nærare detaljer vises det til rapporten og til revisjonens presentasjon i møte.

Vurderingar:

Slik sekretariatet vurderer saka bør tilrådingane frå revisor blir følgt opp for å få ei forbedra eigarstyring. Sekretariatet anser rapporten å svare ut kontrollutvalets bestilling.

Det er kommunestyret som fattar vedtak i saka etter innstilling frå kontrollutvalet. Det bør settast ein frist for tilbakemelding til kontrollutvalet som gir tilstrekkeleg tid til å foreta naudsynt oppfølging av tilrådingane.

Framlegg til innstilling:

Kommunestyret tar rapporten «Eigarskapskontroll Setesdal Miljø og Gjenvinning IKS» frå Agder Kommunerevisjon IKS til orientering.

Kommunestyret ber kommunen/ eigarrepresentant/ selskapet følge opp tilrådingane i rapporten.

Kommunestyret ber kommunen/ eigarrepresentant/ selskapet rapportere skriftleg til kontrollutvalet om korleis revisors tilrådingar er følgt opp innan 10. september 2023.

SAK 14/23 REVISOR ORIENTERAR**Handsaming i møte:**

Rekneskapsrevisor er ferdig med årsoppgjersrevisjon 2022 og er no i gong med planleggingsfasen for revisjon 2023.

Arbeidet med forvaltningsrevisjon «Internkontroll – avvik og avvikshåndtering i Valle kommune» er i gong.

Vedtak:

Kontrollutvalet tar informasjonen frå revisor til orientering.

Saksutgreiing:**Sakshandsamar: Inger Lise Austrud****Bakgrunn for saka:**

Det er kontrollutvalets ansvar å sjå til at det blir gjennomført revisjon i kommunen.

Revisor orienterar løpande gjennom året om relevante saker og tema. På denne måten held kontrollutvalet seg informert om det løpande revisjonsarbeidet.

Dei tema revisor orienterar om vil bli protokollført.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tar informasjonen frå revisor til orientering.

FAST POST

Vidare arbeid i kontrollutvalet: Neste møte i kontrollutvalet er 21.06.23

EVENTUELT

REFERATSAKER

REF 04/23 FORVALTNINGSREVISJON «BARN I LAVINNTEKTSFAMILIER I
IVELAND KOMMUNE» (vedlegg i epost)

REF 05/23 VEDTAK OM KONTROLLUTVALETS ÅRSMELDING

Kontrollutvalet tar referatsakene til orientering.

Agder Sekretariat

Kontrollutvalet i Valle kommune

Sak 16/23

Møtedato: 20.09.23

Sakshandsamar: ILA

SAK 16/23 ETTERLEVELSESKONTROLL MED ØKONOMIFORVALTNINGA

Vedlegg:

Attestasjonsuttale frå Agder Kommunerevisjon IKS datert 22.06.23

Tilbakemelding forenkla etterlevelseskontroll frå Agder Kommunerevisjon datert 22.06.23

Bakgrunn for saken:

Revisor har utført eit attestasjonsoppdrag i samband med Valle kommunes etterleving av føresegner og vedtak for økonomiforvaltninga knytt til området kapitalvarer – justering.

Følgande forhold er kontrollert for fem utvalde byggeprosjekt:

- *Dokumentasjon og anskaffelse og fremstilling av kapitalvarer, jf. Merverdiavgiftsforskriften § 9-1-2*
- *Dokumentasjon av bruken av kapitalvarer, jf. Merverdiavgiftsforskriften § 9-1-3*
- *Tilfredsstillende rutine for oppbevaring av dokumentasjon knyttet til anskaffelse og fremstilling av kapitalvarer, da det her foreligger inntil 15 års oppbevaringstid, jf. Merverdiavgiftsforskriften § 9-1-2, 3. ledd*

Uttalen gjev moderat sikkerheit for konklusjonen, altså er det ikkje like strenge beviskrav som til ei revisjonsberetning.

Saksopplysingar:

Kommunestyret skal sjå til at uavhengig instans med kunnskap om økonomiforvaltninga vurderer rutinane. Kommunestyret skal og sjå til at slike rutinar er etablert og overhaldd. Kontrollutvalet er kommunestyrets tilsynsorgan og det ligg til utvalet å føre tilsyn med kommunens forvaltning på kommunestyrets vegne.

Revisor legg kontrollutvalet på kopi på tilbakemelding til kommunedirektøren. Her peiker revisor på forhold ein vil gjere merksam på. Forholda er ikkje av ein slik karakter at dei påverkar revisors konklusjon i saka.

For øvrig er revisors konklusjon som følger:

Konklusjon:

Basert på de utførte handlingene og innhentede bevis er vi ikke blitt oppmerksomme på noe som gir oss grunn til å tro at Valle kommune ikke i det alt vesentlige har etterlevd de kontrollerte bestemmelsene i Merverdiavgiftsforskriften §§ 9-1-2 og 9-1-3.

Vurderingar:

Forenkla etterlevelseskontroll erstattar ikkje den ordinære rekneskapsrevisjon eller forvaltningsrevisjon, men kan sjåast på som eit supplement. For kontrollutvalets del er ansvaret avgrensa til å sjå til at det vert gjennomført, og halde seg orientert om risiko- og vesentlighetsvurdering samt resultat frå kontrollen.

Forenkla etterlevelseskontroll styrker kontrollutvalets grunnlag for ivareta sitt ansvar for å føre kontroll med at økonomiforvaltninga er i samsvar med føresegner og vedtak.

Kommunedirektør er ansvarleg for å etablere administrative rutinar som sørger for at økonomiforvaltninga er i tråd med føresegner og vedtak, og at økonomiforvaltninga er gjenstand for betryggande kontroll.

Revisor vil i møte orientere om resultatet av forenkla etterlevelseskontroll og svare på eventuelle spørsmål.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tar revisors attestasjonsuttale frå forenkla etterlevelseskontroll til orientering.

Til kontrollutvalget i Valle kommune

Uavhengig revisors attestasjonsuttalelse om etterlevelse av bestemmelser og vedtak for økonomiforvaltningen.

Vi har utført et attestasjonsoppdrag som skal gi moderat sikkerhet, i forbindelse med Valle kommunes etterlevelse av bestemmelser og vedtak for økonomiforvaltningen på følgende områder:

Kapitalvarer – justering.

Kontroll av etterlevelse av følgende forhold for fem utvalgte byggeprosjekter:

- Dokumentasjon og anskaffelse og fremstilling av kapitalvarer, jf. Merverdiavgiftsforskriften § 9-1-2
- Dokumentasjon av bruken av kapitalvarer, jf. Merverdiavgiftsforskriften §9-1-3
- Tilfredsstillende rutine for oppbevaring av dokumentasjon knyttet til anskaffelse og fremstilling av kapitalvarer, da det her foreligger inntil 15 års oppbevaringstid, jf. Merverdiavgiftsforskriften § 9-1-2, 3.ledd

Kriterier er hentet fra:

Merverdiavgiftsforskriften §§9-1-2 og 9-1-3.

Vi har kontrollert perioden fra prosjektenes byggestart til 31.12.2022.

Ledelsens ansvar for etterlevelse av bestemmelser og vedtak for økonomiforvaltningen

Kommunedirektøren er ansvarlig for å etablere administrative rutiner som sørger for at økonomiforvaltningen utøves i tråd med bestemmelser og vedtak, og at økonomiforvaltningen er gjenstand for betryggende kontroll.

Vår uavhengighet og kvalitetskontroll

Vi har utført oppdraget i samsvar med etiske retningslinjer for revisjonsselskapet, som inneholder uavhengighetskrav og andre krav basert på grunnleggende prinsipper om integritet, objektivitet, faglig kompetanse og tilbørlig aktsomhet, fortrolighet og profesjonell opptreden.

AGDER KOMMUNEREVISJON IKS

I samsvar med internasjonal standard for kvalitetskontroll (ISQM 1 Kvalitetskontroll for revisjonsfirmaer som utfører revisjon og forenklet revisorkontroll av regnskaper samt andre attestasjonsoppdrag og beslektede tjenester) har Agder Kommunerevisjon IKS et tilstrekkelig kvalitetskontrollsystem, herunder dokumenterte retningslinjer og rutiner for etterlevelse av etiske krav, faglige standarder og krav i gjeldende lovgivning og annen regulering.

Våre oppgaver og plikter

Vår oppgave er å avgi en uttalelse om etterlevelse av bestemmelser og vedtak for økonomiforvaltningen på grunnlag av bevisene vi har hentet inn. Vi har utført vårt attestasjonsoppdrag med moderat sikkerhet i samsvar med kommunelovens regler og RSK 301 Forenklet etterlevelseskontroll med økonomiforvaltningen. Standarden krever at vi planlegger og gjennomfører oppdraget for å oppnå moderat sikkerhet for hvorvidt det foreligger vesentlige feil eller mangler ved etterlevelse av bestemmelser og vedtak i kommunens økonomiforvaltning på det området vi har foretatt forenklet etterlevelseskontroll.

Vi baserer oppgaven på en risiko- og vesentlighetsvurdering som er lagt frem for kontrollutvalget.

Utføring av et attestasjonsoppdrag som skal gi moderat sikkerhet i henhold til RSK 301, innebærer å utføre handlinger for å innhente bevis for at bestemmelser og vedtak for økonomiforvaltningen etterleves. Typen, tidspunktet for og omfanget av de valgte handlingene er gjenstand for revisors skjønn. Moderat sikkerhet har klart lavere sikkerhetsgrad enn betryggende sikkerhet, og vi gir derfor ikke uttrykk for samme nivå av sikkerhet som i en revisjonsberetning.


Vi mener at vi har innhentet tilstrekkelig og hensiktsmessig bevis som grunnlag for vår konklusjon.

Konklusjon

Basert på de utførte handlingene og innhentede bevis er vi ikke blitt oppmerksomme på noe som gir oss grunn til å tro at Valle kommune ikke i det alt vesentlige har etterlevd de kontrollerte bestemmelsene i Merverdiavgiftsforskriften §§ 9-1-2 og 9-1-3.

Denne uttalelsen er utelukkende utarbeidet for å gi kontrollutvalget et bedre grunnlag for å ivareta sitt påse ansvar med økonomiforvaltningen og til Valle kommunes informasjon, og er ikke nødvendigvis egnet til andre formål.

Kristiansand, 22. juni 2023



Tommy Pytten
statsautorisert revisor

Valle kommune
v/ kommunedirektør Vidar Homme

Kristiansand, 22. juni 2023

Tilbakemelding etter forenklet etterlevelseskontroll 2022

Vi viser til utført forenklet etterlevelseskontroll for 2022 for Valle kommune vedrørende økonomiforvaltningen og området kapitalvarer – justering.

Basert på de utførte handlingene og innhentede revisjonsbevis, er vi ikke blitt oppmerksomme på noe som gir oss grunn til å tro at Valle kommune ikke i det alt vesentlige har etterlevd de kontrollerte bestemmelsene i merverdiavgiftsforskriften §§ 9-1-2 og 9-1-3. Vi avga her uttalelse datert 22.06.2023 til kontrollutvalget uten presiseringer eller forbehold.


Vår gjennomgang avdekket følgende forhold vi vil gjøre oppmerksom på. Forholdene er ikke av en slik karakter at det påvirker vår konklusjon på uttalelsen.

- Vi anbefaler at det utarbeides oppstillinger i tråd med forskriften etter en fastsatt mal, og senest ved ferdigstillelse av byggeprosjektet (selv om det er mulig å innhente dette i ettertid). Dette for å sikre at man enkelt kan hente ut disse opplysningene om justeringsplikt skulle inntreffe noen år etter ferdigstillelse. Utarbeidelsen av oppstillingen ved ferdigstillelse av byggeprosjektene reduserer risikoen for at detaljkunnskaper ved prosjektet går tapt ved fremtidige personalendringer.
- Av forskriftens §9-1-2, 1. ledd, pkt f) følger at fradragsretten skal angis i prosent. Det anbefales derfor å legge dette inn i oppstillingene.

Dersom det skulle være spørsmål eller ønske om et møte med revisjonen om innholdet i brevet, er det bare å ta kontakt.

Vi ber om en skriftlig tilbakemelding på overnevnte forhold innen 15. august 2023.

Med vennlig hilsen



Tommy Pytten
statsautorisert revisor

Kopi: Kontrollutvalget

Agder Sekretariat

Kontrollutvalet i Valle kommune

Sak 17/23

Møtedato: 20.09.23

Sakshandsamar: ILA

SAK 17/23 OVERORDA REVISJONSSTRATEGI 2023 VALLE KOMMUNE

Vedlegg:

Overordna revisjonsstrategi 2023 frå Agder Kommunerevisjon IKS datert 06.09.23

Bakgrunn for saka:

I følgje kommunelova § 23-2, 1.ledd bokstav a, skal kontrollutvalet sjå til at kommunens rekneskap vert revidert på ein betryggande måte.

I forskrift om kontrollutval og revisjon §3 står det at kontrollutvalet skal halde seg løpande orientert om revisjonsarbeidet og mellom anna sjå til at:

a) kommunens eller fylkeskommunens årsregnskaper blir revidert på en betryggende måte

b) regnskapsrevisjonen utføres i samsvar med lov, forskrift og kontrollutvalgets instruksjer og avtaler med revisor

Orientering om overordna revisjonsstrategi og revisjonens risikovurdering er eit viktig ledd i kontrollutvalets arbeid med å følgje opp påse-ansvaret i forhold til rekneskapsrevisor.

Overordna revisjonsstrategi omfattar heile kommunen og beskriv revisjonens formål, foreløpig risikovurdering, kommunens økonomi, informasjon om kommunens risikostyring og økonomiske internkontroll, fastsetting av vesentlighetsgrense og revisjonsplan. Strategien er det overordna planleggingsdokumentet for gjennomføring av rekneskapsrevisjon.

Revisjonen vil gjennomgå revisjonsstrategien i møte og svare på eventuelle spørsmål.

Vurderingar:

Formålet med kontrollutvalets handsaming av overordna revisjonsstrategi er i hovudsak å ivareta kontrollutvalets påse-ansvar i forhold til rekneskapsrevisjon.


Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tar overordna revisjonsstrategi 2023 for Valle kommune til orientering.

OVERORDNET REVISJONSSTRATEGI

REGNSKAPSREVISJON 2023

VALLE KOMMUNE



AGDER KOMMUNEREVISJON IKS

Innhold

1	Innledning.....	3
2	Revisjonens formål.....	3
3	Foreløpig risikovurdering.....	4
3.1	Kommunens økonomi.....	4
3.1.1	Drift.....	4
3.1.2	Investeringer.....	5
3.2	Viktige utfordringer.....	6
3.3	Kommunens risikostyring og økonomisk intern kontroll.....	6
4	Fastsettelse av vesentlighetsgrense.....	8
5	Revisjonsplan.....	8
6	Avslutning.....	8

1 Innledning

Formålet med dokumentet er å informere kontrollutvalget på et overordnet nivå om den revisjonsstrategi en har lagt for regnskapsåret 2023. I henhold til god revisjonsskikk er planen for revisjonen dynamisk for å ta hensyn til eventuelle endringer.

Revisor skal følge lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i sitt arbeid. De bestemmelser / retningslinjer revisor skal følge består primært av:

- Kommuneloven av 22.06.2018 med forskrifter
- Forskrift om kontrollutvalg og revisjon
- Internasjonale revisjonsstandarder (International Standards on Auditing – ISA)
- God kommunal revisjonsskikk

Revisjon av kommunen utgjør i henhold til kommuneloven tre hovedoppgaver:

- regnskapsrevisjon,
- forvaltningsrevisjon og
- eierskapskontroll.

I tillegg skal det utføres forenklet etterlevelseskontroll med økonomiforvaltningen..

Agder Kommunerevisjon IKS er valgt som revisor og skal levere disse tjenestene til kommunen.

Overordnet revisjonsstrategi er det overordnede planleggingsdokument for gjennomføring av regnskapsrevisjon. Formålet med overordnet revisjonsstrategi er å dokumentere tilstrekkelige og effektive revisjonshandlinger i forbindelse med regnskapsrevisjon. Revisjonsstandarden «ISA 300 Planlegging av revisjon av et regnskap» ligger til grunn for dette dokumentet.

Vi er av den oppfatning at denne overordnede revisjonsstrategien, sammen med våre øvrige muntlige og skriftlige rapporteringer, dekker kravene som stilles til dokumentasjon av vårt arbeid. Dette dokumentet er også utarbeidet slik at det kan hjelpe kontrollutvalget med å oppfylle sitt tilsyns- og påseansvar.

2 Revisjonens formål

Formålet med regnskapsrevisjon er å bekrefte at årsregnskapet er utarbeidet i samsvar med lov, forskrift og god kommunal regnskapsskikk. Revisjonsstandardene krever at vi etterlever etiske krav og planlegger og gjennomfører revisjonen for å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon.

Revisor konkluderer på regnskapsrevisjon gjennom revisors beretning. I revisors beretning uttaler revisor seg med høy, men ikke absolutt, sikkerhet om følgende forhold:

- om årsregnskapet er avgitt i samsvar med lov og forskrifter og gir det alt vesentlige dekkende fremstilling av den finansielle stillingen til Valle kommune per 31. desember, og at resultatet for regnskapsåret som ble avsluttet per denne datoen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal regnskapsskikk i Norge.
- om opplysningene i årsberetningen om årsregnskapet er i samsvar med årsregnskapet og er i samsvar med lov og forskrifter
- om ledelsen har oppfylt sin plikt til å sørge for ordentlig og oversiktlig registrering og dokumentasjon av kommunen regnskapsopplysninger i samsvar med lov og god kommunal regnskapsskikk i Norge.

I revisors beretning uttaler en seg også med moderat sikkerhet om følgende forhold:

- om det i årsberetningen er gitt dekkende redegjørelse for budsjettavvik, enten det skyldes beløpsmessige avvik eller avvik fra kommunestyrets premisser for bruken av midlene.

Revisor skal opparbeide seg en forståelse av kommunen, dens virksomhet og omgivelser, herunder også kommunens interne kontroll. Revisor må også vurdere hvorvidt innhentet informasjon tyder på at det foreligger misligheter. Dette følger av «ISA 240 Misligheter og feil» at revisor gjennom revisjonen skal bidra til å forebygge og avdekke misligheter. Begrepet misligheter benyttes primært om tilsiktede handlinger. Det er særlig to typer tilsiktede handlinger som er relevante for revisor; uredelig regnskapsrapportering og underslag av eiendeler. Dersom det konstateres misligheter ved revisjon eller på annen måte, skal revisor straks sende en foreløpig innberetning til kontrollutvalget. Når saksforholdet er nærmere avklart skal revisor sende nummerert brev til kontrollutvalget med kopi til kommunedirektøren¹.

3 Foreløpig risikovurdering

Revisjonsstandarden «ISA 315 Identifisering og vurdering av risikoen for vesentlig feilinformasjon gjennom forståelse av enheten og dens omgivelser» inneholder krav for hvilke handlinger revisor skal utføre for å danne grunnlag for å identifisere og anslå risikoer for vesentlig feilinformasjon i regnskapet.

Revisor gjennomfører risikoanalyse av kommunen for å kartlegge om der er områder hvor det foreligger risiko som kan medføre vesentlige feil i regnskapet. Gjennom risikoanalyser vurderes risiko på de ulike områder, og resultatet av analysene har betydning for omfanget og valget av revisjonshandlinger som skal utføres.

Kommunen er en stabil virksomhet, med faste oppgaver som skal løses innenfor budsjettets rammer. Rammene for kommuner er avhengig av nivået på overføring fra statsbudsjettet (rammetilskudd og inntektsutjevning) og skatteinntektene.

3.1 Kommunens økonomi

3.1.1 Finansielle måltall

Det er i kommuneloven § 14-2 gitt at kommunestyret skal vedta finansielle måltall for utviklingen av kommunens økonomi. Kommunestyret har vedtatt følgende økonomiske måltall:

- Netto driftsresultat på minimum 2 % av brutto driftsinntekter
- Disposisjonsfond på ca. 20 mill. kroner
- Forsvarleg nivå på lånegjeld
- Lånefinansiering av investeringar skal svare til den gjennomsnittlige lånefinansieringa for KOSTRA-gruppa (gruppe 6) kommunen tilhøyrar, som vi seie 73% lånefinansiering.

¹ Kommuneloven § 24-7

AGDER KOMMUNEREVISJON IKS

Per 31.12.22 fremkommer det følgende tall

Måltall	Fastsatt mål	Per 31.12.22	
Netto driftsresultat	Minst 2 %	4,8 %	Mål oppnådd
Disposisjonsfond	Ca. 20 mill	12,5 mill	Mål ikke oppnådd
Lånegjeld	Forsvarlig nivå	66%	Mål oppnådd
Lånefinansiering	73%	41%	Mål oppnådd

Kommunen har per 31.12.22 oppnådd 3 av 4 av sine vedtatte finansielle måltall.

3.1.2 Drift

Kommunens driftsregnskap viste i 2022 et positivt netto driftsresultat på kr 11,4 mill, regulert budsjett for 2022 viser kr 0,1 mill.

Netto driftsresultat viser hvor mye som kan disponeres til avsetninger og investeringer etter at driftsutgifter, renter og avdrag er betalt. Det tekniske beregningsutvalg for kommunal og fylkeskommunal økonomi² anbefaler at netto driftsresultat for kommunesektoren som helhet over tid bør utgjøre om lag 1,75 %.

Netto driftsresultat for Valle kommune utgjorde 4,8 %³ i 2022. Av økonomiplan 2023-2026 kommer det frem at man forventer å holde seg over måltallet i hele perioden.

Hovedårsakene til bedre netto driftsresultat enn regulert budsjett skyldes i hovedsak tilskudd til rundkjøring i Valle sentrum, tilskudd til kalkdoseringsanlegg, merinntekter integreringstilskudd og innbetaling fra utbyggingssavtaler i Brokke.

Av økonomiplan 2023-2026 kommer det frem at man har fokus på å oppnå måltallet for disposisjonsfond i løpet av perioden.

3.1.3 Investeringer og finansiering

Kommunen har budsjettert med kr 57,5 mill. i investeringer i varige driftsmidler, kr 2 mill i utlån til andre og kr 0,6 mill. i aksjer i 2023, kr 21,3 mill. lånefinansieres, mva-kompensasjon kr 10,2 mill., det resterende dekkes av bruk av lån.

De største investeringsprosjekter i opprinnelig budsjett er:
(i hele 1 000 kr)

Prosjekt	2023
Oppgradering Laugarhalli	4 000
Kloakkanlegg Nomeland	4 000
Oppgradere Storstoga	35 000
Utskifting av vindauge Valle skule	5 000

Basert på erfaring fra tidligere års revisjon foreligger det ikke forhold som indikerer særskilt risiko knyttet til investeringer.

² Rapport fra Det tekniske beregningsutvalg for kommunal og fylkeskommunal økonomi – juni 2021

³ Av sum driftsinntekter

3.1.4 Langsiktig gjeld

Kommunens langsiktige gjeld, eksklusive pensjonsforpliktelser er på kr 170,9 mill. pr. 31.12.22.

Lånefinansiering av investeringar skal svare til den gjennomsnittlege lånefinansieringa for KOSTRA-gruppa (gruppe 6) kommunen tilhøyrar, som vi seie 73% lånefinansiering.

Kommunestyret har vedtatt et måltall om at det skal vær et forsvarlig nivå på lånegjeld. I 2022 hadde kommunen en lånegjeld på 66% av investeringer. Dette er under kostragruppen kommunen sammenlignes mot.

Det er også vedtatt at lånefinansiering av investeringer skal svare til den gjennomsnittlige lånefinansieringa for KOSTRA-gruppa (gruppe 6) kommunen tilhøyrar, som vi seie 73% lånefinansiering. I 2022 utgjorde dette 41% i Valle, godt under vedtatt måltall.

Det er i 2023 budsjettert med kr 49,35 mill. i låneopptak og det er budsjettert å betale kr 13,9 mill. i avdrag.

Kommunen holder seg godt innenfor kommunelovens bestemmelser om maksimal avdragstid.

3.1.5 Likviditet

For å ha god likviditet, bør kontantbeholdningen være minst 1/12 av omsetningen og forholdet mellom omløpsmidler og forholdet mellom omløpsmidler og kortsiktig gjeld bør ikke være lavere enn 2.

Kontantbeholdning per 31.12.2022 var kr 105,0 mill., og forholdet mellom omløpsmidler og kortsiktig gjeld var 4,1.

Kommunens likviditet synes tilfredsstillende.

3.2 Viktige utfordringer

- Aukande press som følgje av nedgang i befolkning, færre barn og fleire eldre, reduserte overføringer gjennom inntektssystemet
- Usikkerheit rundt framtidig inntektsgrunnlag (kraftinntekter og egedoms katt), nye oppgåver og auka statleg detaljstyring, sterkare rettighetslovgjeving og auka krav til kommunen.
- Satsing på næringsutvikling som kan gi fleire arbeidsplassar og fleire unge i kommunen

3.3 Kommunens risikostyring og økonomisk intern kontroll

Revisor skal opparbeide seg en forståelse av den interne kontrollen som er relevant for revisjonen.

Den interne kontrollen kan igjen deles inn i følgende komponenter:

- Kontrollmiljø
- Kommunen risikovurderingsprosess
- Informasjonssystemer

AGDER KOMMUNEREVISJON IKS

- Kontrollaktiviteter
- Overvåking av kontroller.

KRD kom i 2010 ut med 85 anbefalinger til styrket egenkontroll i kommuner og kommuner. KS har gitt veiledninger⁴ til bruk for kommunens arbeid med intern kontroll basert på disse anbefalingene.

Valle kommune har etablert interne kontrollrutiner på en rekke områder. Revisor gjennomgår disse løpende de gjennom året i revisjonsarbeidet. Vesentlige rutiner for vårt arbeid er kommunens interne retningslinjer, regnskaps -og budsjettoppfølging og rutiner rundt attestasjon og anvisning. Kommunedirektøren gir årlig tilbakemelding på den interne kontrollen i sitt svar på forespørsel til ledelsen fra revisjonen.

Det rapporteres fra kommunedirektøren til kommunestyret i to tertialrapporter i tillegg til årsregnskapet.

⁴ Orden i eget hus – Kommunedirektørens egenkontroll, april 2020

4 Fastsettelse av vesentlighetsgrense

Revisor skal ikke være opptatt av bagatellmessige forhold, og vil planlegge å utføre revisjonen med sikte på å avdekke eventuelle vesentlige feil eller mangler. Det følger av «ISA 320 Vesentlighet ved planlegging og gjennomføring av en revisjon» at revisor ved utarbeidelse av den overordnede revisjonsstrategien skal fastsette en vesentlighetsgrense for regnskapet totalt sett. Med vesentlig menes her at årsregnskapet ikke inneholder feilinformasjon som ville fått brukerne av årsregnskapet til å treffe en annen beslutning dersom feilinformasjonen ikke var tilstede.

Vesentlighetsbegrepet brukes av revisor både ved planlegging og utførelse av revisjon. Begrepet er også sentralt ved evaluering av virkningen av identifisert feilinformasjon på revisjonen og av eventuell ikke-korrigert feilinformasjon i regnskapet. Vesentlighetsgrensen er sentral ved utarbeidelse av en konklusjon på regnskapet. I en normal revisjonsberetning sier revisor at *«årsregnskapet avgitt i samsvar med lov og forskrifter og gir i det alt vesentlige en dekkende fremstilling.*

5 Revisjonsplan

Med basis i overordnet revisjonsstrategi blir det utarbeidet revisjonsplan. Revisjonsplanen angir de enkelte revisjonshandlinger som revisor skal utføre. Revisjonsplanen er revisjonens interne arbeidspapirer og skal ikke behandles politisk.


6 Avslutning

Den overordnede revisjonsstrategiens risiko- og vesentlighetsvurderinger bygger på en foreløpig vurdering av bl.a. erfaring, historisk regnskapsmaterieell og den interne kontroll som foreligger.

Det videre arbeidet med regnskapsrevisjonen kan avdekke forhold som kan medføre endringer i revisjonsstrategien. Vesentlige endringer dokumenteres.

Kristiansand, 6. september 2023

Agder Kommunerevisjon IKS



Tommy Pytten
Statsautorisert revisor

Agder Sekretariat

Kontrollutvalet i Valle kommune

Sak 19/23

Møtedato: 20.09.23

Sakshandsamar: ILA

SAK 19/23 INNSPEL TIL ROV-ANALYSE FORVALTNINGSREVISJON

Vedlegg:

Vedtatt plan for forvaltningsrevisjon 2019-2023

ROV 2019-2023, oversikt over aktuelle områder for forvaltningsrevisjon

Bakgrunn for saka:

Kontrollutvalet har tidlegare i år bestilt ny risiko- og vesentlighetsanalyse (ROV) for forvaltningsrevisjon og for eigarskapskontroll. Særleg når det gjeld ROV forvaltningsrevisjon er det aktuelt for kontrollutvalet å kome med innspel til aktuelle område/prosjekt basert på lokalkunnskapen som utvalet har.

For oversiktens skyld følger vedtatt plan for forvaltningsrevisjon med tilhøyrande utdrag frå tidlegare ROV som vedlegg til denne saka.

Vurderingar:

Det er det nye kontrollutvalet som skal lage forslag til plan for forvaltningsrevisjon for komande valperiode. Nåverande utval legger berre til rette for det nye utvalets arbeid ved å bestille ein analyse som skal danne grunnlag for den nye planen. På denne måten vil det nye utvalet tidlegare enn elles kunne bestille nye prosjekt.

Utvalet er sjølv sagt ikkje begrensa til berre å vurdere prosjekt frå tidlegare ROV, men kan fritt kome med forslag til område/prosjekt som ein tenker kan være aktuelle, både innanfor den kommunale drifta og i kommunale selskap.

Utvalet bes diskutere aktuelle område og kome med innspel til revisors arbeid med ny ROV-analyse.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet anbefaler at følgande område blir vurdert i ROV-analysen for forvaltningsrevisjon 2023-2027:

Agder Sekretariat

PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON

Vedtatt kommunestyret 16.12.2020

VALLE KOMMUNE

2020 – 2023



November 2020

Bakgrunn

Heimelen for forvaltningsrevisjon følger av kommunelova § 23-2, som fastsett at kontrollutvalet skal sjå til at *»det utføres forvaltningsrevisjon av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet, og av selskaper kommunen eller fylkeskommunen har eierinteresser i.»* og § 23-3 som definerer forvaltningsrevisjon som å gjennomføre systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, regeletterleving, måloppnåing og verkningar ut frå kommunestyrets vedtak.

På denne bakgrunn har kontrollutvalet i Valle kommune bestilt ei risiko og vesentlighetsvurdering frå Agder Kommunerevisjon IKS som grunnlag for utarbeiding av plan for forvaltningsrevisjon.

Innhaldet i plan for forvaltningsrevisjon

Forvaltningsrevisjonen er med andre ord eit viktig verktøy for kommunens øvste politiske organ for å føre kontroll med kommunens totale forvaltning og dei resultata som oppnås. Kommunelova § 23-3, omhandlar plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon og lyder som følger:

«Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan som viser på hvilke områder det skal gjennomføres forvaltningsrevisjoner. Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet og virksomheten i kommunens eller fylkeskommunens selskaper. Hensikten med risiko- og vesentlighetsvurderingen er å finne ut hvor det er størst behov for forvaltningsrevisjon.

Planen skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget selv. Kommunestyret og fylkestinget kan delegerere til kontrollutvalget å gjøre endringer i planen.»

Kommunelova pålegg kontrollutvalet å utarbeida ein plan for forvaltningsrevisjon. Planen skal sikre at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon regelmessig, i eit omfang som er i samsvar med kommunens størrelse, kompleksitet og risiko. Planen skal både dekke den verksemda som skjer i kommunen sjølv og den verksemda som drives av selskapa som kommunen har eigarinteresser i.

For å sikre nyttige og målretta forvaltningsrevisjonar skal planane baserast på ei risiko og vesentlighetsvurdering for å finne ut av kva for nokre områder det er størst behov for forvaltningsrevisjon. Vurderinga skal altså bidra til gode og nyttige forvaltningsrevisjonar.

Føremålet med forvaltningsrevisjon

Føremålet med forvaltningsrevisjon er mellom anna å bidra til ein betre og meir effektiv kommunal forvaltning. Når det utføres forvaltningsrevisjon, settes fokus på økonomi og måloppnåing.

Behovet for forvaltningsrevisjon er stort. Kommunen står overfor betydelege utfordringar. Innbyggjarane stiller større krav til kvalitet, sentrale myndigheiter stiller krav til økonomisk effektivitet, men også innhaldet i tenestene. Marknaden skaper auka konkurranse og det er ofte manglande samsvar mellom mål og tilgjengelege ressursar.

Dette fører med seg at kommunane som oftast må rette større fokus på ressursbruk, styring og leiing. Det må styrast etter fleire variablar enn økonomiske data med evaluering av måloppnåinga og det blir stilt større krav til leiing.

Ved utøving av forvaltningsrevisjon bidrar kontrollutvalet bl.a. til:

- å påvise forbettingsområde som bidreg til auka produktivitet og måloppnåing i forhold til politiske vedtak og føresetnader
- å bidra med informasjon til dei i kommunen som gjer vedtak som er til nytte for
 - å styrke kommunestyrets grunnlag for styring
 - kontrollutvalets tilsyn med forvaltninga
 - leiinga si vurdering av moglegheiter for meir nøysam/økonomisk drift, auka produktivitet, større effektivitet og betre måloppnåing
 - rasjonell, målretta og kostnadseffektiv drift

Den gjennomførte risiko- og vesentlighetsvurderinga bygger på revisors faglege skjønn. Den endelege prioriteringa må imidlertid kontrollutvalet sjølv foreta på dei områda det kan vere aktuelt å gjennomføre forvaltningsrevisjon.

Arbeidsfordelinga mellom kontrollutvalet og revisjonen kan beskrives som ein bestiller-utførarmodell. Det vil sei at kontrollutvalet bestiller oppdrag hjå revisjonen som leverer etter bestilling. Sekretariatet bistår kontrollutvalet i dette arbeidet både før og etter handsaminga, og til vedtak er gjort og følgt opp.

Risiko- og vesentlighetsvurderingen angir dei områda i kommunen som i størst grad utpeiker seg som risikoområder. Områdene identifiserast på bakgrunn av den føretatte analysen. Områdene som peiker seg ut som mest sentrale for forvaltningsrevisjon er områder kor revisjonen ser størst potensial eller nødvendigheit for forbetring av produktivitet, økonomi, måloppnåing eller verkningar.

Gjennomføring og rapportering av forvaltningsrevisjonen

Gjennomføring

Etter at kommunestyret har vedtatt plan for forvaltningsrevisjon, vil kontrollutvalet sørge for å bestille forvaltningsrevisjon. Kontrollutvalet vedtar problemstillingar, prosjektplan og ressursar, og om det i så fall skal gjennomførast foranalyse. Kommunerevisjonen gjennomfører prosjektet og sender rapporten til kontrollutvalet. Rapporten med kontrollutvalets innstilling sendes til kommunestyret for endeleg handsaming.

Rapportering

I tråd med forskrift om kontrollutval og revisjon § 4 skal kontrollutvalet rapportere til kommunestyret om gjennomførte forvaltningsrevisjonar og resultatet av dei. § 5 fastsett at kontrollutvalet skal sjå til at kommunestyrets vedtak om forvaltningsrevisjon blir følgt opp og skal rapportere til kommunestyret om vedtaket er følgt opp.

Vidare er kontrollutvalet pålagt ansvar for å rapportere til kommunestyret. Med mindre kommunestyret vedtar spesielle bestemmingar for når og korleis denne rapporteringa skal skje, er det opp til kontrollutvalet å finne ei hensiktsmessig form og frekvens på dette. Rapport og resultat frå det enkelte forvaltningsrevisjonsprosjekt vert lagt fram for kommunestyret etter kvart som dei føreligg.

Prioriteringar i denne planperioden

Generelt

Risiko og vesentlighetsvurderinga er basert på innsamla skriftleg informasjon og statistikk for den enkelte kommune – dessutan innspel frå både kommuneadministrasjon og kontrollutval. Ein viser til risiko og vesentlighetsvurderinga for nærare opplysningar. På bakgrunn av denne analysen vert det lagt opp til å velja ut forvaltningsrevisjonsprosjekt basert på ei vurdering av risiko- og kva som er vesentleg.

Det vil vera prosjekter som skal fokusere på ein målretta, rasjonell og kostnadseffektiv drift. Når ein veljar ut prosjekter bør nytteverdien vurderast i forhold til forventa ressursbruk for å gjennomføre prosjektet.

Ved utforminga av eit prosjekt vil kontrollutvalet avgrense temaet slik at prosjektet vert konkret og gjev kontrollutvalet dei nødvendige opplysningar for deira kontroll med kommunen.

Gjennomført forvaltningsrevisjon i førre planperiode

I førre planperiode vart det gjennomført forvaltningsrevisjon på eit av områda i plan for forvaltningsrevisjon, «Psykososialt miljø og mobbing i grunnskolen i Valle kommune» (2019).

Plan for forvaltningsrevisjon Valle kommune 2016-2019:

- **Styring og internkontroll (Overordnet)**
- **Sørge for tjenester i henhold til helse- og omsorgstjenesteloven og gjeldende forskrifter (Helse og omsorg)**
- **Inkluderende læringsmiljø (Skole og barnehage)**
- **Barneverntjenester (Barnevern)**

Prioritering av forvaltningsrevisjonar i denne planperioden

I oversikten under er det foreslått forvaltningsrevisjonar ut frå dei opplysningane som føreligg.

Generelt ut frå dei ressursane som har vore tilgjengeleg dei seinaste åra er det mest realistisk å forvente at det kan gjennomførast mindre enn eit prosjekt i Valle kommune kvart år.

Plan for forvaltningsrevisjon Valle kommune 2020-2023

Etter ei samla vurdering har kontrollutvalet vald å foreslå følgjande prosjekter for Valle kommune for 2020 – 2023:

Prioritet	Prosjekt	Tema/sector/selskap	Aktuelt for forvaltningsrevisjon
1.		Kommunedirektørens stab	Økonomi – overordnet økonomistyring
2.		Oppvekst	Barnevern – saksbehandling og internkontroll
3.		Oppvekst	Barnevern – Tilsyn og oppfølging
4.		Teknisk drift og eigedom	Næringsutvikling
5.		Helse og Sosial	Helsetjenesten i Bykle og Valle – Ledelse og kvalitetsforbedring

Ei nærare grunngjeving for val av prosjekta kjem fram i risiko og vesentlighestvurderinga, som ligg med saka.

Kommunestyret vedtok i sitt møte 16.12.2020:

Kommunestyret sluttar seg til den framlagde "Plan for forvaltningsrevisjon for Valle kommune 2019-2023, der følgjande områder/prosjekt prioriterast:

<i>Prioritet</i>	<i>Prosjekt</i>	<i>Tema/sector/selskap</i>	<i>Aktuelt for forvaltningsrevisjon</i>
<i>1.</i>		<i>Kommunedirektørens stab</i>	<i>Økonomi – overordnet økonomistyring</i>
<i>2.</i>		<i>Oppvekst</i>	<i>Barnevern – saksbehandling og internkontroll</i>
<i>3.</i>		<i>Oppvekst</i>	<i>Barnevern – Tilsyn og oppfølging</i>
<i>4.</i>		<i>Teknisk drift og eigedom</i>	<i>Næringsutvikling</i>
<i>5.</i>		<i>Helse og Sosial</i>	<i>Helsetjenesten i Bykle og Valle – Ledelse og kvalitetsforbedring</i>

Kommunestyret gjev kontrollutvalet fullmakt til å gjera eventuelle endringar i prioriteringa av aktuelle prosjekter, og til å sette i gong andre prosjekt dersom utvalet ser behov for det.

5 OPPSUMMERING

Revisjonen har i denne analysen pekt på ulike områder, både overordnet og innenfor den enkelte tjeneste, hvor det kan være aktuelt å gjennomføre forvaltningsrevisjon. Målet med analysen er å gi kontrollutvalget et godt grunnlag for å utarbeide plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2019-2023. Under oppsummeres de mest aktuelle områdene vi har:

Forvaltningsrevisjon

Bærekraftig utvikling	Risiko og vesentlighet
Bærekraftig utvikling (overordnet)	H

Lokaldemokrati	Risiko og vesentlighet
Åpenhet og Innsyn	M/H
Likestilling, mangfold og inkludering	M/H

Tillitsskapende forvaltning	Risiko og vesentlighet
Styring og Internkontroll: Avvik og avvikshåndtering	H
Etikk og varsling	M/H
Overordnet eierskapsstyring	M
Personvern og informasjonssikkerhet	M/H
Offentlige anskaffelser	H

Kommunedirektørens Stab	Risiko og vesentlighet
Overordnet - Samfunnssikkerhet og beredskap	M/H
Overordnet - Digitalisering	M/H
HR og velkomstsenteret - Arkiv og dokumentasjon	M/H
HR og velkomstsenteret - Arbeidsmiljø og sykefravær	M
HR og velkomstsenteret - Personalforvaltning: arbeidskraft, ansettelser og kompetanse i utvalgte sektorer	M/H
Økonomi – Overordnet økonomistyring	H

Oppvekst	Risiko og vesentlighet
Barnehage - Kvalitet i Barnehage/Implementering av rammeplan	M/H
Barnehage – Spesialpedagogisk hjelp og tidlig innsats	M/H
Grunnskole – Kvalitet i skolen	M/H
Grunnskole – Spesialundervisning i skolen	M/H
PP-tjenesten – Interkommunal PP-tjeneste	M/H
Barnevern – Tilsyn og oppfølging	H
Barnevern – Saksbehandling og internkontroll	H
Helse og Sosial	Risiko og vesentlighet
Overordnet – Opprettholdelse av tjenestetilbud under Covid-19	M/H
Overordnet – Bekjempelse av barnefattigdom	M/H

Overordnet- Folkehelse og forebyggende helsearbeid	M/H
Pleie- og omsorg – Aldrende befolkning	H
Pleie- og omsorgstjenester i og utenfor institusjon	M/H
Pleie- og omsorg – Legemiddelhåndtering	M
Helsetjenesten i Bykle og Valle – Ledelse og kvalitetsforbedring	H
Helsetjenesten i Bykle og Valle – Helhetlig behandling og oppfølging til personer med rusrelaterte eller/psykiske lidelser.	H
Lokalmedisinske tjenester – Helhetlige og koordinerte helse- og omsorgstjenester	M/H
Interkommunal NAV tjeneste – Kommunale NAV-tjenester	M

Kultur og fritid	Risiko og vesentlighet
Deltakelse i kultur- og fritidsaktiviteter for barn- og unge.	M

Teknisk drift og eiendom	Risiko og vesentlighet
Næringsutvikling	H
Vedlikehold og drift av offentlige bygg	M/H
Drikkevannsikkerhet	M/H
Vann og Avløp	M/H
Byggesaksbehandling	M/H
Klima- og energiplanlegging	M/H

Eierskapskontroll og forvaltningsrevisjon i selskaper

Selskap	Vinkling/tema	Risiko- og vesentlighet
Setesdal Interkommunale politiske råd	Eierskapskontroll og forvaltningsrevisjon	M
Setesdal IKT	Eierskapskontroll og Forvaltningsrevisjon: Personvern og IT-sikkerhet	H
Midt-Agder friluftsråd	Eierskapskontroll og Forvaltningsrevisjon	M
Setesdal Miljø og gjenvinning	Eierskapskontroll og forvaltningsrevisjon: Avfallshåndtering og miljø	H
Setesdal Brannvesen IKS	Eierskapskontroll og forvaltningsrevisjon	M/H
Konsesjonskraft IKS	Eierskapskontroll og Forvaltningsrevisjon.	M
Aust-Agder Museum og Arkiv IKS	Eierskapskontroll og forvaltningsrevisjon:	M/H
Setesdal Museum Eigedom IKS	Eierskapskontroll og forvaltningsrevisjon:	M/H
Setpro AS	Eierskapskontroll og forvaltningsrevisjon: Attføringsbransje i endring: fortrinnsvis i samarbeid med andre eierkommuner	M/H

Agder Sekretariat

Kontrollutvalet i Valle kommune

Sak 21/23

Møtedato: 20.09.23

Sakshandsamar: ILA

SAK 21/23 REVISOR ORIENTERAR

Bakgrunn for saka:

Det er kontrollutvalets ansvar å sjå til at det blir gjennomført revisjon i kommunen.

Revisor orienterar løpande gjennom året om relevante saker og tema. På denne måten held kontrollutvalet seg informert om det løpande revisjonsarbeidet.

Dei tema revisor orienterar om vil bli protokollført.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tar informasjonen frå revisor til orientering.



Statsforvaltaren i Agder

Rapport frå tilsyn med beredskapsplanlegging

i

Valle kommune

Adressa til verksemda: Postboks 4, 4747 Valle
Tidsrom for tilsynet: 20.02.2023 – 01.06.23
Kontaktperson i verksemda: Beredskapskoordinator Torleif Homme

Samandrag

Denne rapporten beskriv avvik og merknad som blei påpeika innan desse reviderte områda:

Beredskapsplanlegginga til kommunen, under dette om

- planane for kriseleiing og førebuingar for krisehandtering er tilfredsstillande
- planane er samordna
- planane baserer seg på risiko- og sårbarheitsanalysar (ROS-analysar) i kommunen
- planane dekkjer behova som er avdekte i ROS-analysar
- planane er implementerte, kjende og øvd og om ansvarslinjer er klara
- planane og ROS-analysane blir reviderte og blir i samsvar med oppdaterte krav

Statsforvaltaren er oppteken av at tilsynet er relevant i forhold til aktuelle samtidige hendingar som kan påverka krisehandteringa frå kommunen. Det var derfor òg fokus på

- rutine til kommunen for varetaking av beredskapsmessige omsyn i samfunns- og arealplanlegginga
- forståinga til kommunen for og prosedyrar ved utfall av kraftforsyning og elektronisk kommunikasjon
- arbeidet til kommunen med evaluering av planverk
- krisekommunikasjon

Det blei påvist tre avvik og gitt sju merknader.

Avvik 1:

Kommunen må sikra at tilstrekkeleg og kompetent personell er tilgjengeleg i kriseleiinga.

Avvik 2:

Kommunen har ikkje eit system for opplæring som sikrar at alle som er tiltenkt en rolle i kommunens krisehandtering har tilstrekkelege kvalifikasjonar.

Avvik 3:

Kommunen har ikkje i tilstrekkeleg grad utarbeidd ein plan for oppfølging av samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeidet.

Merknad 1:

Kommunen bør involvera eksterne aktørar sterkare i arbeidet med heilskapleg ROS-analyse.

Merknad 2:

Kommunen bør beskriva i heilskapleg ROS-analyse kva hendingar som har vore vurderte i ein innleiande fase, men som har blitt forkasta til vidare analyse. Vidare bør det komma fram om det er spesielle hendingar for kommunen som ikkje er dekt av heilskapleg ROS-analyse.

Merknad 3:

Kommunen bør revurdera behovet for evakuering ved dambrot i heilskapleg ROS-analyse.

Merknad 4:

Kommunen bør ha ein langsiktig plan for øvingar.

Merknad 5:

Kommunen bør tilstrebe ein gjennomgåande målstruktur for beredskapsarbeidet.

Merknad 6:

Kommunen bør «spisse» overordna beredskapsplan ved å trekkje ut ikkje-operativ informasjon og samle dette i et eige IK-dokument.

Merknad 7:

Kommunen bør peike ut stader der publikum kan møte opp for å få informasjon i situasjonar der kritisk infrastruktur er nede.

Dato: 01.06.2023

Yngve Årøy
revisjonsleiar

Jon Kvitne
revisor

Innhold

Samandrag	1
1. Innleiing	3
2. Skildring av verksemda	4
3. Gjennomføring	4
4. Kva tilsynet omfatta	5
5. Funn	5
6. Hovudintrykk	7
7. Regelverk	10
8. Dokumentunderlag	10
9. Deltakarar ved tilsynet	11

1. Innleiing

Rapporten er utarbeidd etter systemrevisjon med Valle kommune i perioden 20.02.2023 – 01.06.2023. Revisjonen inngår som ein del av Statsforvaltarens planlagde tilsynsverksemd i 2023.

Statsforvaltaren er gitt mynde til å føra tilsyn med kommunal beredskapsplikt etter sivilvernelovas (SBLs) § 29, jf. forskrift om kommunal beredskapsplikt (FKB) § 10.

Formålet med systemrevisjonen er å vurdere om verksemda ivaretek ulike krav i lovgivinga gjennom internkontrollen sin. Revisjonen omfatta undersøking om:

- kva tiltak verksemda har for å avdekkja, retta opp og førebyggja brot av lovgivinga innanfor dei temaa tilsynet omfattar
- tiltaka blir opp følgde i praksis og om nødvendig blir retta
- tiltaka er tilstrekkelege for å sikra at lovgivinga blir overhalden

Ein systemrevisjon blir gjennomført ved gransking av dokument, ved intervju og andre undersøkingar.

Rapporten omhandlar avvik og merknad som er avdekt under revisjonen og gir derfor inga fullstendig tilstandsvurdering av arbeidet for verksemda innanfor dei områda tilsynet omfatta.

- Avvik er mangel på oppfylling av krav gitt i eller i medhald av lov eller forskrift
- Merknad er forhold som ikkje er i strid med krav fastsett i eller i medhald av lov eller forskrift, men der tilsynsstyresmakta finn grunn til å påpeika moglegheit for forbetring

2. Skildring av verksemda

Valle kommune er ein innlandskommune med drygt 1100 innbyggjarar. Valle og Rysstad er sentre i kommunen, med Valle som administrasjonssenter. Kommunen grensar i nord mot Bykle, i nord og øst mot Tokke og Fyresdal i Vestfold og Telemark, i sør mot Bygland og i vest mot Sirdal. Otra-vassdraget er dominerande i kommunen.. Med 1265 km² er Valle ein av Agders største kommunar i areal. Høgaste punkt er Urdalsknuten på 1433,5 meter.

Dominerande kommunikasjonar i Valle er riksveg 9, som går frå Kristiansand til Haukeli, og fylkesveg 450, som går frå Sirdal til Dalen i Vestfold og Telemark. Det er tidvis stor trafikk på riksveg 9, m.a. til og frå hytteområde i Setesdal. Primærnæringa i kommunen er landbruk. Annan næring er innanfor trelast-, trevare- og møbelindustri og bygg og anlegg. Reiseliv, sal og service er viktige innan tenesteyting.

I forhold til naturfare er Valle som resultat av topografien flaumutsett og rasutsett. Sommaren 2018 blei kommunen råka av fleire store skogbrannar.

Organisasjonen til kommunen er basert på ein flat struktur med sju driftseiningar og stab med politisk sekretariat, kommunikasjon, skulefagleg ansvarleg og barnehagemyndigheit. Den faste kriseleiinga består av ordførar, kommunedirektør, leiar PLO, informasjonsansvarleg og beredskapskoordinator. Kriseleiinga blir støtta av eit sekretariat med ein medarbeidar.

Heilskapleg ROS-analyse er utarbeidd i eit samarbeid mellom Setesdal-kommunen og er frå 2020. Overordna beredskapsplan (OBP) blei sist revidert i 2023.

Førre tilsyn med beredskapsplanlegging i Valle kommune var i 2017.

3. Gjennomføring

Systemrevisjonen omfatta følgjende aktiviteter:

Revisjonsvarsel blei sendt ut 20.02.2023.

Dokumentasjon blei oversend frå kommunen 16.03.2023. Oversikt over dokument verksemda har oversendt i samband med tilsynet er gitt i kapittel 8 «Dokumentunderlag».

Formøte blei avhalden digitalt 13.04.2023.

Program og administrative føresegner blei oversend 13.04.2023

Opningsmøte blei halde 20.04.2023.

Fem personar blei **intervjua** 20.04.2023.

Sluttmøte blei avhalden digitalt 04.05.2023.

Rapport blei utsend 01.06.2023.

4. Kva tilsynet omfatta

SBL fastslår i § 14 at kommunen pliktar å utarbeida ein heilskapleg ROS-analyse. I denne skal kommunen kartleggja kva for uønskte hendingar som kan henda i kommunen, sannsynet for at dei hender og korleis dei kan påverka kommunen.

Ifølgje § 15 skal kommunen utarbeida ein beredskapsplan basert på den heilskaplege ROS-analysen.

FKB gir nærare føresegner om den heilskaplege ROS-analysen og om beredskapsplanen.

§ 2 gir minimumsreglar om innhaldet i ROS-analysen, om involvering av andre relevante aktørar og om detaljanalysar der det er relevant.

§ 3 gir føresegner om heilskapleg og systematisk samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeid på bakgrunn av heilskapleg ROS-analyse, under dette at kommunen skal utarbeida langsiktige mål, strategiar, prioriteringar og plan for oppfølging.

§ 4 gir detaljkrav til innhaldet i den overordna beredskapsplanen til kommunen. Planen skal vera basert på den heilskaplege ROS-analysen, den skal samordna og integrera andre beredskapsplanar i kommunen og den skal vera samordna med andre relevante offentlege og private krise- og beredskapsplanar.

§ 6 gir føresegner om oppdatering og revisjon av heilskapleg ROS-analyse og overordna beredskapsplan.

§ 7 gir føresegner om at kommunen skal øva beredskapsplanen kvart anna år og at det skal vera eit system for opplæring som sikrar at alle som er tiltenkt ei rolle i krisehandteringa frå kommunen har tilstrekkelege kvalifikasjonar.

§ 8 seier at kommunen skal evaluera krisehandteringa etter øvingar og hendingar og implementera erfaringar i ROS-analysen og beredskapsplanane.

Det følgjer av § 9 at kommunen skal kunna dokumentera skriftleg at kravet til forskrifta er oppfylt.

5. Funn

Avvik 1:

Kommunen må sikra at tilstrekkeleg og kompetent personell er tilgjengeleg i kriseleiinga.

Avvik frå følgjande krav:

- SBL § 15
- FKB § 4, første ledd

Avviket byggjer på følgjande observasjon:

I OBP er det berre ordførar som har oppnemnd stedfortreder. Planen må gjere greie for kven som skal tre inn i dei ulike funksjonane når dei faste medlemmene av kriseleiinga ikkje er tilgjengelege.

Avvik 2:

Kommunen har ikkje eit system for opplæring som sikrar at alle som er tiltenkt ei rolle i kommunens krisehandtering har tilstrekkelege kvalifikasjonar.

Avvik frå følgjande krav:

- SBL § 15
- FKB § 7, andre ledd

Avviket byggjer på følgjande observasjon:

Kommunen har ikkje eit system som seier kva for kvalifikasjonar den einskilde i kriseorganisasjonen må ha, kva status på dette er og korleis naudsynt kompetanse skal skaffast.

Avvik 3:

Kommunen har ikkje i tilstrekkeleg grad utarbeidd ein plan for oppfølging av samfunnstryggleik og beredskapsarbeidet.

Avvik frå følgjande krav:

- SBL § 14
- FKB § 3, første ledd

Avviket byggjer på følgjande observasjon:

Tiltakslista i ROS Setesdal har ikkje vore gjennomgått av kommunen med omsyn til kva status på tiltaka er i Valle og om det er tiltak som ikkje står i ROS Setesdal som er aktuelle for kommunen. Ein slik bearbeida liste må liggje til grunn for arbeidet kommunen skal gjere for å følgje opp ROS Setesdal. Lista må vere prioritert, ansvarsfastsett og, om mogleg, kostnadsberekna.

Merknad 1:

Ekstern involvering. Kommunen bør involvera eksterne aktørar sterkare i arbeidet med heilskapleg ROS-analyse og med overordna beredskapsplan.

Merknad 2:

Hendingar i heilskapleg ROS-analyse. Kommunen bør beskriva i heilskapleg ROS-analyse kva hendingar som har vore vurderte i ein innleiande fase, men som har vorte forkasta til vidare analyse. Det bør òg komma fram kva for nokre eventuelle hendingar som er spesielle for Valle men som ikkje er analysert i heilskapleg ROS-analyse.

Merknad 3:

Evakuering ved dambrot. I heilskapleg ROS-analyse er det vurdert at det ikkje er behov for evakuering ved dambrot Dette bør revurderast.

Merknad 4:

Plan for øvingar. Kommunen bør ha ein langsiktig plan for øvingar som sikrar implementering av erfaringar, kompetanseheving og progresjon.

Merknad 5:

Målstruktur for beredskapsarbeidet. Kommunen bør tilstrebe å lage ein gjennomgåande målstruktur for beredskapsarbeidet med utgangspunkt i kommuneplanens samfunnsdel.

Merknad 6:

Eige IK-dokument. Kommunen bør «spisse» OBP ved å trekkje ut ikkje-operativ informasjon og samle dette i eit eige IK-dokument.

Merknad 7:

Stader for å få informasjon. Kommunen bør peike ut stader der ein kan få informasjon når kritisk infrastruktur er nede.

6. Hovudintrykk

Gjennom hendingar og øvingar har Valle kommune vist god krisehandlingsevne. Beredskapsarbeidet har god leiarforankring. Kommunen har god kontakt med lokale aktørar. Kommunen har ikkje beredskapsråd, men det er teke initiativ til eit felles beredskapsråd i Setesdal. Det heilskaplege samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeidet i kommunen har eit forbedringspotensial ved at det ikkje er utarbeidd ein plan for oppfølging av risikoreduserande tiltak. Kriseleiinga verker sårbar ved at det ikkje er peikt ut stedfortredere til medlemmene. Kommunen har ikkje eit system for opplæring av dei som inngår i kriseorganisasjonen.

Kommuneplanen til Valle er frå 2016. I samband med ny planstrategi vil administrasjonen foreslå at både arealdel og samfunnsdel vert rullert.

Samfunnsdelen inneheld overordna strategiar for beredskap i kapittelet om kommunen som organisasjon. Strategiane i samfunnsdelen er ikkje samsvarande med måla som finst i OBP, noko som ville styrkt den «raude tråden» i beredskapsarbeidet.

Kommunen har ikkje utarbeidd ein plan for oppfølging av dei risikoreduserande tiltaka i ROS Setesdal. Tiltaka burde vært gått gjennom og vurdert i kva grad dei er gjeldande for Valle kommune. Dei aktuelle tiltaka burde vært prioritert, ansvarsbestemt og kostnadsberekna slik at ein kunne fått ein heilskapleg oppfølging av analysen. Tiltaksplanen burde vært presentert for kommunestyret i samband med at ROS Setesdal blei lagt fram for politisk handsaming. I ein mogleg rullering av samfunnsdelen meiner tilsynet at samfunnstryggleik og beredskap bør få ein tydelegare plass. Klimautviklinga, krigen i Ukraina, pandemien, auka grad av

digitalisering og auka avhengigheit av straum og elektronisk kommunikasjon underbyggjer dette. Samfunnstryggleik og beredskap er viktigare enn nokon gong på alle nivå i samfunnet. Arealdelen inneheld føresegnar knytta til flaum og ras. I samband med utviklinga av arealdelen har kommunen fått utarbeid flaum- og skredanalyser som er visualisert i omsynssoner i plankartet.

Den heilskaplege ROS-analysen til kommunen – ROS Setesdal – er frå 2020 og er eit samarbeid mellom kommunane i Setesdal. Det er ein god og leservennleg rapport som gir eit godt bilete av beredskapsstatus i regionen. Den omhandlar mange aktuelle hendingar og den inneheld ei tiltaksliste for risikoreduksjon. Meir om tiltakslista i det førre avsnittet. I ei framlegging av analysen for politisk behandling bør det komma fram om det er hendingar som er aktuelle for Valle, men som ikkje er med i heilskapleg ROS.

I ROS Setesdal er dambrot ikkje vurdert som ei hending som gjer det nødvendig å evakuere befolkninga. Det bør revurderas ettersom det er fleire store damanlegg i Setesdal.

I eit metodisk perspektiv kjem det ikkje fram om det er hendingar som har vore vurderte, men ikkje teke med til vidare analyse. Ein listing av desse vil auka kvaliteten på analysen og gi eit meir utfyllande bilete.

Eksterne aktørar har vore høyringsinstansar, men har ikkje bidrege aktivt i arbeidet.

Kommunen bør vera klar over den meirverdien desse kan føra med seg gjennom aktiv deltaking og i samarbeid med andre aktørar.

Tilsynet minner om at kommunen må ha ein oppfatning av kva som er akseptabel risiko. Det er ein del av ansvarsprinsippet. Eit medvite forhold til dette vil være eit godt grunnlag for prioriteringar. Tilsynet meiner at det er eit politisk ansvar å meina noko om dette.

Kommunane som samarbeider om ROS Setesdal har satt i gang planlegging av revisjon av analysen.

Kommunens OBP er revidert i år. Den er utforma på eit generelt nivå, med detaljar i vedlegga. Gjennom tiltaksskorta er planen basert på heilskapleg ROS-analyse.

Planen inneheld fastpunkt i samsvar med FKB, men varslingslista inneheld nokre openberre feil og bør oppdaterast. Teknisk eining er ikkje del av kriseleiinga. Sjølv om teknisk kompetanse er tilgjengeleg i kriseleiinga bør kommunen vurdere om ikkje leiarnivået bør være representert.

Tilsynet minner om behovet for at planverk er samordna slik at det gjensidige behovet til aktørane blir reflektert. Kommunen bør i denne samanhengen vurdere å fullintegrere OBP og plan for helsemessig og sosial beredskap. Sistnemnde plan baserer seg i stor grad på OBP og ei samanslåing vil forenkla samordning, oppdatering og revisjon.

I nokre situasjonar kan det vera at avløyssarar skal bruka planen. Dei vil i større grad enn dei faste medlemmene i kriseorganisasjonen ha behov for konkrete og oversiktlege retningslinjer. Kommunen bør derfor vurdere å ta ut tekst som ikkje går direkte på handtering og leggja dette inn i eit eige internkontrolldokument. Me tenkjer spesielt på kapittel 2 og 9 i planen.

Tilsynet vurderer at kommunen verkar sårbar når det gjeld stedfortredere i kriseleiinga. Det er berre ordførar som har oppnemnd stedfortreder. Dette kan påverka krisehandteringsevna til kommunen, spesielt ved hendingar der kriseorganisasjonen er etablert over lengre tid eller ved hendingar som oppstår i periodar med stort fråvær. Det blir jobba med ei interkommunal ordning for personellstøtte. Det kan betre situasjonen, men tilsynet minner om at hendingar kan få eit omfang der det må etablerast kriseorganisasjon i fleire kommunar samtidig.

Krisekommunikasjonsplanen verkar robust og gjennomtenkt, også i forhold til befolkningsvarsling. Planen inneheld eit tiltaksskort for informasjonsstrategi som på ein oversiktleig måte omhandlar både den kvalitative og den «tekniske» sida ved

kriseinformasjon. Kommunen vurderer at det største trusselen mot god kriseinformasjon er bortfall av dei verktøya ein nyttar for utarbeiding og distribusjon av informasjon. I ein situasjon der straum og ekom fell ut vil det vera aktuelt å bruka alternative kommunikasjonsmiddel. Desse er beskrivne i vedlegget og kva ein bruker vil vera situasjonsavhengig. I tillegg kan kommunen få hjelp av nabokommunar til å publisera på nett. For etablering av organisasjonen for kriseinformasjon er det laga beredskapskasser. Valle har inngått avtale med Bykle kommune om felles kommunikasjonsrådgjevar, men denne har enno ikkje tiltrådd.

Kommunen må vera klar over korleis publikum skal vita kvar informasjon kan hentast om ordinære kanalar ikkje kan brukast. Eksempelvis vil det gå ei viss tid frå straumen forsvinn til ekom er borte, og i løpet av den tida må publikum informerast om kvar informasjon kan hentast når ekom òg forsvinn.

Kommunen har både adressebasert og lokasjonsbasert SMS-varsling. Tilgangane til desse blei utvida som følgje av erfaringar frå vasslekkasjen i kommunen i november 2022.

Kommunen har rutinar for oppdatering og revisjon av beredskapsdokumentasjonen, men ettersom det er skilnader mellom oppdatering og revisjon bør ein bruke desse omgrepa i staden for «endring».

Beredskap er ein del av internkontrollsystemet Compilo, som har funksjonalitet for å sikra rettidige oppdateringar og revisjonar. Systemet gir òg oversikt over kven som har lese dokumentasjon.

Årlege øvingar er nedfelte i årshjulet til kommunen for beredskap. Grunna samtidige hendingar har øvingar vorte nedprioriterte og tilsynet har forståing for det. Kommunen fortel at det har vært gjennomført nokre papirøvingar, men at desse ikkje har vært formalisert. Tilsynet tilrår at kommunen etablerer ein øvingsplan, t.d. i eit fireårsperspektiv. Planen bør innehalda interne øvingar og øvingar som blir planlagde og blir leidde av eksterne aktørar. Formålet med ein slik plan er å sikra at det blir øvd jamleg, at heile kriseorganisasjonen, også avløyssarar, blir øvd, at øvingane er i samsvar med risikobiletet til kommunen og at det er ein progresjon i øvingane. Planen kan òg bidra til å sikra variasjon i øvingsform. Det er ei arkfane «kompetanse» i dokumentet «Internkontroll, opplæring, mm.». Dette arket er tomt og tilsynet erfarer at kommunen ikkje har eit aktivt system for opplæring. Eit system for opplæring sikrar at det er rett kompetanse tilgjengeleg i kriseorganisasjonen og at stedfortredere får opplæring. Kommunen fikk avvik på det samme forholdet ved førre tilsyn.

Kommunen evaluerer hendingar og øvingar og følgjer opp evalueringane. Mellom anna blei ein vasslekkasje i Valle sentrum i november i fjor evaluert og tiltak er satt i verk i høve til varsling og reserve vassforsyning.

Tilsynet har fokusert på forholdet kommunen har til kritisk infrastruktur. Gjennom deltaking i Statsforvaltarens KEIV-prosjekt har kommunen jobba aktivt med identifiserte sårbarheiter relatert til kraftforsyning og ekom. Forsterka ekom (<https://www.nkom.no/sikkerhet-og-beredskap/nkoms-program-for-forsterket-ekom>) er etablert i Valle. Kommunen har satellittelefon men ikkje naudnett. Kommunen fortel at dei har god kontakt med kraftselskapet, men i mindre grad med ekomleverandørar. Dei ser positivt på kontakt med eigarar av fiber og støtter samarbeidet med vegeigarar for å leggje trekkør til framføring av fiber.

Kommunen har fire vassforsyningsanlegg og planar for korleis ein kan forsyne befolkninga med vann om forsyninga sviktar. Ein har avtale med brannvesenet om bruk av tankvogn og det er kjøpt inn 1000-liters vassdunkar.

Kommunen har naudstraumsaggregat på Valle bygdeheim og flyttar kriseleiinga dit om straumen går på kommunehuset. Kommunen har og tilgang på mobile aggregat. Det er ikkje aggregat på vassforsyningsanlegga.

Kommunen har gode rutinar for ivaretaking av beredskapsmessige omsyn i samfunns- og arealplanlegginga. Det er få planar i Valle og dei fleste av desse blir utarbeida av private aktørar. Kommunen nyttar oppstartmøtet og sjekkliste for å formidle krav til ivaretaking av beredskapsomsyn i planlegginga. Ivaretaking av naturfare og sløkkevatn har fokus. Det blir sett klare krav til bruk av fagkyndige vurderingar. Kommunen har eit internt planforum der planforslag blir gjennomgått.

Utfall i kraft og ekom og dataangrep er dei største truslane. Kommunen meiner at det er viktig å tenke heilskapleg i tenestetilbod og å sjå Setesdal under eitt.

Valle blei lite ramma av pandemien, men den ga eit endra fokus på beredskap. Mellom anna blei samansetninga av kriseleiinga endra. Det var få utfordringar knytta til kommunikasjon med framandspråklege. Når det var behov blei flyktningekontakten i NAV nytta. Kommunen har mottatt flyktningar fra Ukraina og er blitt bedne om å busette 30 i 2023.

7. Regelverk

- Lov 25.06.2010 nr. 45 om kommunal beredskapsplikt, sivile beskyttelsestiltak og Sivilforsvaret (sivilbeskyttelsesloven)
- Forskrift 22.08.2011 om kommunal beredskapsplikt

8. Dokumentunderlag

Verksemda sin eigen dokumentasjon knytt til den daglege drifta og andre forhold av betydning som vart oversend under førebuinga av revisjonen:

- Kommuneplanens samfunnsdel og arealdel 2016 med vedlegg (lenke til kommunens nettsider)
- ROS Setesdal 2020 med analyseskjema
- Plan for kriseleiing 2023 med varslingsliste og ressursoversikt
- Internkontrollskjema for oppfølging av FKB og for opplæring
- Referat frå evalueringsmøte etter vasslekkasje/bortfall av vatn 2022

Under tilsynet blei kvalitetssikringssystemet Compilo presentert.

Annan dokumentasjon som Statsforvaltaren har innhenta sjølv eller hadde tilgang til frå tidlegare:

- Planstrategi Valle kommune 2020
- Flomvurdering Otra i Valle 2015
- Rapport etter øvelse i Valle kommune 2017
- Rapport etter beredskapstilsyn i Valle kommune 7. september 2017
- Brev fra Valle kommune 21.12.2017 – svar på oppfølging etter tilsyn
- Brev fra Fylkesmannen i Agder 24.10.2018 – avslutning av tilsynet

- Brev fra Valle kommune 29.11.2018 – tilbakemelding avvik med vedlegg personalpolitisk plattform
- Evaluering utfall kraft og tele i Setesdal 2018
- Fylkesmannen i Agders evalueringsrapport etter skogbrannane sommaren 2018
- E-post frå Mattilsynet 25.01.2023 – «Mattilsynet har informert vannverkseiere og kommuner om viktigheten av å sikre vannverk mot uønskede hendelser»

Korrespondanse mellom kommunen og Statsforvaltaren:

- Brev frå Statsforvalteren med varsel om tilsyn, datert 20.02.2023
- E-post frå Valle kommune med oversending av dokumentasjon, datert 16.03.2023
- Brev frå Statsforvalteren med program og administrative føresegner for tilsynet, datert 13.04.2023

9. Deltakarar ved tilsynet

I tabellen under er det gitt ei oversikt over deltakarane på opningsmøte og sluttmøte, og over kva personar som blei intervjua.

Navn	Funksjon / stilling	Opningsmøte	Intervju	Sluttmøte
Vidar Homme	Kommunedirektør	X	X	X
Kay Arne Søgård	Rådgjevar plan	X	X	X
Magnus Berg	Leiar teknisk	X	X	X
Gunn Marith Homme	Rådgjevar	X	X	X
Torleif Homme	Beredskapskoordinator	X	X	X

Fra Statsforvaltaren deltok:

- Yngve Årøy, Statsforvaltaren i Agder, revisjonsleiar
- Jon Kvitne, Statsforvaltaren i Agder, revisor